

Ull frå Øvstedal blir til genserar på Tingvoll

- Det er kjekt å vite at ulla vi leverer er råvare til flotte genserar som blir produserte på Tingvoll, seier sauebonde Bjarne Øvstedal.

BB – EDMUND MELKILD

Det var i haust Bjarne fekk førespurnad frå Tingvoll Ull på levering av ull frå blæset sau.

- Det takka vi sjølvsgagt ja til. All ulla frå dei 70 saueane av denne rasen gjekk til Tingvoll, seier Bjarne som driv garden saman med Line Nord Stølan.

Naturfarga ull

Vanlegvis går all ulla til Nortura.

- Vi får også litt betre betalt for ulla frå Tingvoll Ull, og håper sjølvsgagt på å få levere dit også i framtida. Dei brukar berre naturfarga ull, og treng derfor ull av forskjellige fargar frå ulike sauerasar, seier Bjarne.



Ulla frå Bjarne Øvstedal sine blæset sau blir til flotte genserar hos Tingvoll Ull på Tingvoll.



Rose Bergslid og Armar Lyche med genserar frå Tingvoll.
- Genserane i laga av naturleg farga ull, seier Armar Lyche. (Foto Jenny Klinge)

Nystarta selskap

Arnar Lyche, dagleg leiar ved Tingvoll Ull, seier dei er eit nyoppstarta føretak med tolv eigarar, mellom andre Stig O. Jacobsen og Olbjørn Kvernberg.

- Det er solide eigarar som gir oss litt trygghet i oppstarten. Vi starta for fullt med produksjon i 2021, og har halde på i to år. Vi er to tilsette i deltidsstilling, seier Lyche til Bygdebladet.

Kortreist råvare

Målet til Tingvoll Ull er produksjon av klede av kortreiste råvarer.

- Vi har nyleg investert i ei ny strikkemaskin til 1,3 millionar kroner, og er i startgropa med å sette den i drift. Vi har hatt opplæring i bruk, og det står igjen litt finpuss før vi er skikkeleg i gang, seier Lyche.

Sporing til bonde

Han understrekar at dei berre brukar naturfarga ull.

- Ulla kjøper vi direkte frå bonden. Vi sorterar og vaskar ulla før vi sender den til karding og spinning hos Selbu Spinneri. Garnet vi får tilbake brukar vi direkte i strikkemaskina. Avhengig av mønster tek det om lag 20 til 45 minutt for maskina å strikke ferdig ein genser. Og genserane våre skal sporast tilbake til bonden

der ulla kjem frå, påpeikar Lyche.

Raudlista

Bjarne og Line har 70 sauer av rasen blæset sau. Den er svart, gjerne med eit grå- eller brunskjor for eldre sauer. Den er lett å kjenne med, med kvitt blæs i panne/ansikt.

- Blæset sau er faktisk raudlista. Besetninga vår er, så vidt eg veit, den største i fylket. Og målet er å auke besetninga og bygge opp ein større stamme av rasen, seier Bjarne.

Skinn

I tillegg til blæset sau har Bjarne og Line norsk kvit sau og gammalnorsk spelsau.

- Av den gammalnorske spelsauen produserer vi skinn som vi leverer til for-edling. Vi får dei tilbake etter om lag eit år, klare for sal. Vi produserer om lag 70 saueskinn for året, og har kundar frå både til inn- og utland, seier Bjarne.

Fagfolk til klipp

Til saman har dei 200 vinterføra sauer, der 190 av dei skal lamme til våren. Og skal det bli ull, må saueane klippast.

- Der leiger vi inn fagfolk. Vi har ein saueklippar frå Irland som brukar om lag åtte timar på å klippe dei 200 saueane, seier Bjarne.